

UTDANNINGSPLAN OG SAMTYKKESKJEMA 2020

Denne utdanningsplanen er delt i 4 underkapitler:

-persondata og informasjon om GDPR

-Informasjon om studiet, herunder også behov og søknad om tilrettelegging.

-retter og plikter

-Samtykke og signering



Personalia og personvern

Som student ved BAS har vi ein del opplysningar om deg som er omfatta av personvernlova/GDPR. Dette er opplysningar vi er pålagt å hente inn gjennom å vere ein offentlig godkjend undervisningsinstitusjon, og som vi er mellom anna avhengige av i sakshandsaming og i korrespondanse med deg. BAS gjev ikkje informasjon om deg til andre med mindre det er lovpålagt, eller du sjølv har ynskja det. [Her](#) finn du meir informasjon om GDPR.

Vær ven å oppdater dine personopplysningar så snart som råd. Skifter du adresse eller telefonnummer kan det vere du går glipp av viktig informasjon frå skulen.

* Fullt namn:

* Studieadresse:

* Telefon:

I beredskapssituasjonar, når noko uventa skjer, ynskjer BAS å ha høve til å kontakte dine pårørande. Det er frivillig å registrere dette.

Namn på næraste pårørande:

Relasjon til næraste pårørande:

E-post til din pårørande:

Telefon til din næraste pårørande:



Informasjon om studiet

Master i Arkitektur ved BAS er eit 5-årig fulltidsstudium som følger eit fast løp på 3+2 år. Utdanningsplanen gjeld altså heile studiet, det vil seie 5 års utdanning, 300 studiepoeng/ECTS. Dei tre fyrste åra, grunnstudiet, følger studenten faste kurs. Kwart år har eit tema og byggjar på kvarandre i kompleksitet.

1. året handlar om EG: hands on, materialfokus, bygningsprinsipp
2. året handlar om DU; enkel prosjektering, klientar, ulike program
3. året handlar om VI; urban skala, komplekse bygg

I dei 2 siste åra skal studenten ta 3 masterkurs/semesterkurs før han/ho avsluttar med diplomsemesteret. Semesterkursa er forskjellige frå semester til semester. For meir generell informasjon om Bergen Arkitekthøgskole – sjå BAS sine nettsider og boka BAS-alternativet. [Her](#) finn du mellom anna ein overordna studieplan for studiet, samt meir spesifikke studieplanar for kvart av dei 3 fyrste åra. På websida finn du og kursplanar frå tidlegare masterkurs. Klikk deg inn [her](#) og les meir. Alle kurs har ein eigen kursplan med mellom anna læringsutbytte og krav til innlevering. Merk at i det første året ved BAS vil denne informasjonen vert gjeven munnleg.

Studier i utlandet

Som ein del av utdanninga ved BAS kan studenten søkje om studieopphald i utlandet i 4. eller 5. klasse. Nærare informasjon om søknadsfristar og prosedyrar får du i studieadministrasjonen. Godkjenning av ein utdanningsplan med planar om utvekslingsopphald vert gjeve med atterhald. Kontakt adm@bas.org

Endringar i utdanningsplan

Normalt vil ikkje utdanningsplanen være gjenstand for endring i studieløpet, sett vekk frå semesterplanane som vert distribuert før studiestart kvar semester.

Tidlegare utdanning blir innpassa i det nye studieprogrammet i den grad det let seg gjere. Kontakt adm@bas.org.

4) * Eg tek sikte på å fullføre studiet på normert studietid

- Ja
- Nei

Tilrettelegging

Skulen har til einkvar tid studentar med ein tilrettelagt studiesituasjon, på grunnlag av særskilde behov. Det er viktig for skulen at vi så tidleg som mogleg har informasjon om dette og kan gjere ein avtale om tilrettelegging viss det er behov for det.

Du kan sjølvstøtt også kontakte administrasjonen undervegs i studiet viss situasjonen din endrer seg og du ser du treng nokre tilpassingar/tilrettelegingar. Merk at du må levere utredning eller legeerklæring for at vi skal kunne tilrettelegge studiet for deg.

Tilrettelegginga må ikkje føre til ein reduksjon av dei faglege krava.

5) * Har du behov for tilrettelegging i studieløpet?

- Ja
- Nei

Ta kontakt med administrasjonen, enten per e-post, skriv ein kommentar her eller kom innom så vi kan gjere ein eventuell avtale om tilrettelegging.



Retter og plikter

Studenten pliktar å setje seg inn i alle dokument, både sentrale lover og forskrifter og interne regler og retningslinjer, som syner skulens og studentens pliktar og rettar.

- *Lov om universiteter og høyskoler*, sjå Lovdata sine sider på internett:
[UH-loven](#)
- *Forskrift for masterstudiet ved Bergen Arkitektøgskole*. Sjå Lovdata sine sider på internett:
[Forskrift](#)
- Interne retningslinjer:
[Interne lover og retningslinjer](#)

Retningslinje for studiet ved BAS: Gjer deg kjend med retningslinja. I dette dokumentet finn du viktig informasjon om mellom anna oppmøte, fråvær, vurderingar og eksamen. Husk at du alltid kan ta kontakt med administrasjonen viss det er noko du lurar på.

Læringsmiljø, HMS og beredskap: Som student ved BAS har du stor fridom i forhold til tilgang til bygget og bruk av mellom anna verkstader. MEN, dette fordrar at all bruk er forsvarleg for deg sjølv og for andre. Du vil få nødvendig opplæring i mellom anna verkstad, men les og gjer deg kjent med skulens regler og retningslinjer som gjeld for dette, mellom anna bruk av bygg, verkstad, avfallshandtering. Merk at mislighald vil medføre restriksjonar.

Alle har ein rolle i og eit ansvar for eige og for andre sitt læringsmiljø. Hugs gjensidig respekt. Skulen har eit eget Læringsmiljøutval som du kan kontakte direkte viss du har tilbakemeldingar eller forslag til utbetringar som gjeld læringsmiljø.

Kvalitetssikring: Som student ved BAS er du ein naturleg del av skulens kvalitetssikringssystem. Du bidrar til eit betre studie mellom anna gjennom å gi tilbakemeldingar/evalueringar på kurs, gjennom verv i utval som Studiekvalitetsutvalet og ved å svare på læringsmiljøundersøkingar.

Eg stadfester med dette at eg har lest og er inneforstått med kva pliktar og retter både eg sjølv og skulen har.



Samtykke, informasjon om foto og filming og publisering:

Skulen er opptatt av å ha ein offentleg og open profil, og det er viktig å nå ut til skulens tilsette og studentar, søkjarar, samfunn og presse.

Det er derfor viktig for skulen at vi kan publisere ulike aktivitetar ved skulen, ulike prosjekt og oppgåver.

Foto er snakk om bilete tatt under studentarbeid, feltarbeid, prosjektpresentasjonar og liknande. Hensikta er ikkje å avbilde spesifikke personar, men studentar kan sjåast i denne dokumentasjonen.

I samband med tilrettelegging og som eit pedagogisk verktøy kan det også vere aktuelt å filme forelesingar. Materialet vil ikkje vere offentleg tilgjengelig, berre tilgjengeleg for studentar med tilrettelagt studie. Studentar vil ikkje verte direkte filma, men spørsmål frå sal kan kome med i filminga. Det vil vere mogleg å kome med spørsmål/kommentarar etter at kameraet er slått av.

Ein del av prosjekta som vert gjennomført i studiet, som til dømes byggjekurs og diplomprosjekt, ynskjer vi også publisere på nettstaden vår. Teoretiske oppgåve, som arkitekturhistorie og bygningshistorie vert arkivert i skulens fagbibliotek.

Det er sjølv sagt frivillig å samtykke eller reservere seg mot dette, det gjer du nedanfor. Merk, samtykke til/reservasjon mot publisering av diplomprosjekt gjeres først i diplomsemesteret. Viss du ombestemmer deg i løpet av studiet så tar du berre kontakt med administrasjonen.

	ja, eg samtykker til dette:	nei, eg ynskjer å reservere meg mot dette:
Publisering av foto:	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Publisering av prosjekt:	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Publisering av skriftlege oppgåve:	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Stadfesting: kartdata

Som student ved BAS har du tilgang til og kjem til å bruke kartdata frå Bergen kommune. Karta er underlagt streng bruk og alle studentar må difor signere på at han/ho ikkje skal misbruke dette materialet. Heile erklæringa les du her: [Last ned Datasikkerhetserklæring.pdf](#)



Eg stadfester med dette at eg har lest og er inneforstått med innhaldet i denne erklæringa:

Signering

Denne avtalen er mellom Bergen Arkitekthøskole og deg som student ved skulen.

Avtalen gjeld dei rettigheter og plikter studenten og skulen har overfor kvarandre, og som er vist til i heile denne planen med dei underpunkta som definert i denne. Studenten stadfester, ved signering, at han/ho har fått informasjon om og er gjort kjent med det underliggjande dokument.



Eg stadfester med dette at eg har lest og er inneforstått med innhaldet i utdanningsplanen: